



Arkivnr: 2014/21722-2
Saksbehandlar: Heidi Bjønnes Larsen

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		29.01.2015

Innspel frå Hordaland fylkeskommune til jordbruksforhandlingane 2015

Samandrag

Fylkeskommunane fekk gjennom forvaltingsreforma 2010 eit større ansvar for landbruk. I dette ligg det mellom anna at fylkeskommunen skal gje uttale til jordbruksforhandlingane. Hordaland er eit grasfylke med gode utmarksbeiter og godt grunnlag for mjølk- og kjøttproduksjon. Det er viktig å sikre virkemidlar for nødvendige investeringar i bygningar og teknologi knytt til desse produksjonane. Hordaland er det største fruktfylke i Noreg. Næringa har hatt store utfordringar med rekruttering og å tilpasse seg etterspurnaden i marknaden. Det er no ein ny giv innan fruktnæringa der det mellom anna blir skifta ut til nye sortar. Det er viktig å sikre rekruttering av nye bønder gjennom smidige generasjonsskifte på gardane, men og legge til rette for at andre som ynskjer å drive med landbruk kan få tilgang på småbruk. Hordaland fylkeskommune meiner at landbrukspolitikken i Noreg må tilpassast regionale forhold og ressursgrunnlag. Samstundes må ein ta på alvor at nytenking, ny teknologi, rekruttering og kompetanseheving må til for å styrkje landbruket. Endringar i klima gjer rom for nye produksjonar, samstundes som det krev anna tilpassing enn tidligare. Som følge av den omfattande skogplantinga på 50-talet og utover står det no store volum skog hausteklar i Hordaland, utbygging av skogsveggar og tømmerkaier er ein føresetnad. Våren 2014 vedtok fylkestinget i Hordaland 'Landbruksmelding for Hordaland 2014-2017'. Meldinga tek opp i seg 'Regionalt bygdeutviklingsprogram Hordaland 2013-2017'. Målet med meldinga er å styrke rekrutteringa til gardane i Hordland, samt auke produksjon og lønsemd.

Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet anbefalar at det blir satsa på tiltak som styrker rekrutteringa til landbruket, både ny rekruttering og tidligare eigarskifte på garden. Sikre rett kompetanse til rett tid et viktig tiltak.
2. Fylkesutvalet meiner at verkemidlane i landbrukspolitikken må vere tilpassa ulikt ressursgrunnlag og regionale forskjellar for å sikre drift i det meste av landet.
3. Fylkesutvalet anbefalar at det blir satsa på eit nasjonalt utviklingsprogram for frukt- og bær dyrking som legg særleg vekt på auka kompetanse, nye sortar og dyrkingsteknikkar.
4. Fylkesutvalet anbefalar at ein større del av avtalemidlane forvaltaast regionalt, for å målrette dei betre.
5. Fylkesutvalet meiner at rammene for nyinvestering i landbruket må ta høgde for regionale skilnader i bruksstruktur, topografi og klima.
6. Skogen på vestlandet er hogstmogen. Fylkesutvalet meiner at det bør leggjast til rette for auka berekraftig avverking og uttak av biomasse frå skog.
7. Fylkesutvalet anbefalar å vidareutvikle bygdenæringane i Hordaland gjennom nyskaping og innovasjon.
8. Fylkesutvalet meiner at regionane bør få tilgang til forskingsmidlane som avsettas gjennom jordbruksavtalen.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 07.01.2015

BAKGRUNN

Landbruks- og matdepartementet inviterer i brev av 01.10.2014 Hordaland fylkeskommune til å kome med innspel til jordbruksforhandlingane 2015. Kvart år forhandlar Bondelaget og Norsk Bonde- og Småbrukar med staten om rammevilkåra for landbruket. Dei to bondeorganisasjonane opptre på vegne av alle norske bønder, og alle bønder får ta del i ordninga som blir avtalt. Jordbruksforhandlingane er regulert gjennom hovudavtalen for jordbruket.

Lokal prosess

Hordaland fylkeskommune har invitert Hordaland Bondelag, Hordaland Bonde- og Småbrukarlag, Innovasjon Norge og Fylkesmannen si landbruksavdeling med i prosessen for å utarbeide innspel til jordbruksforhandlingane 2015.

Styrker og utfordringar for landbruket i Hordaland

Landbruket i Hordaland har både styrker og utfordringar. Hordaland er eit fruktfylke som har stor kompetanse på fruktdyrking og gode avlingar. Vi er gode på grovfôrproduksjon og produserer mjølk av høg kvalitet. Forholda ligg godt til rette for sauehold, med mykje utmark og lite rovdyr. Sauen vedlikehald kulturlandsskapet til glede for fastbuande og turistar. Hordalandslandbruket er kjenneteikna av mange små jordbruksbedrifter og skogeigedomar, sjølv om det har vore ei strukturending mot færre og større bruk dei siste åra. For jordbruket i Hordaland med fjordar, ferjer og småbruk, er det viktig at potten for fraktutjamning blir fylt på. Det er kamp om areal i Hordaland. Både i Bergensregionen og i distrikta er det behov og ønskje om å sette av areal til næringsformål. Difor blir jordvern viktig i tida som kjem. Nokon av utfordringane for landbruket i Hordaland er knytt til eigarskifte på garden. Ei anna utfordring er å sikre rett kompetanse til rett tid. Bøndene i Hordaland jobbar aktivt med å auke sin formelle kompetanse gjennom mellom anna nettbaserte studiar.

TILTAK SOM MÅ PRIORITERAS I JORDBRUKSFORHANDLINGANE

Rekruttering og generasjonsskifte

Generasjonsskifte er ein kritisk faktor for mange gardsbruk og det er mange utfordringar knytt til å sikra rekruttering. For å sikre rekruttering må ungdommen si stemme bli høyrd, dei må få seie kva dei ser på som interessant. Garden må kunne sikre eit inntektsgrunnlag. Den må og vere ein arbeidsplass med ny teknologi, som har godt arbeidsmiljø og som gjev rom for ferie og fritid. For å sikre rekruttering til næringa er det viktig at bondeyrket står fram som attraktivt. Den framtidige bonden er ikkje nødvendigvis oppvaksen på garden eller i lokalmiljøet. Lettare omsetning av småbruk kan få inn ressurspersonar som styrker busetting og bidrar til å skape nye næringar knytt til landbruket. I 'Landbruksmelding for Hordaland 2014-2017' blir det foreslege ein tre-ledda strategi, «sluttpakker» for senior, «startpakker» for den unge bonden og tiltak som gjer prosessen omkring eigarskiftet smidigare. Sluttpakkene skal legge til rette for at senior sin kompetanse vert verdsatt og brukt. Startpakkene skal gje den unge bonden relevant kunnskap og meir fritid.

Kompetanse og rekruttering

For å auke inntening og lønnsemd må ein optimalisere drifta. For landbruket i Hordaland vil det bli avgjerande at bøndene er oppdaterte og har brei og god kompetanse. I dagens verkelegheit er det ofte sånn at den som tek over ein landbrukseigedom har ei anna utdanning enn landbruksutdanning. Det vil då vera naudsynt at tilbydarane av kompetanse er seg sin marknad bevisst og legg til rette for at dei utdanningssøkande blir møtt på sine premisser. Dette betyr at nett- og samlingsbasert utdanning ofte vil vere vegen å gå for å kunne tilby kurs som er tilpassa målgruppa. Både Stend og Hjeltnes vidaregåande skular har no tilbod til vaksne. Hordaland fylkeskommune har klart å få til eit spleiselag for finansieringa. Stend tilbyr eit nett- og samlingsbasert agronomkurs over to år, medan Hjeltnes tilbyr det same innan gartnarfaget Det har vært god oppslutning om begge tilboda.

Frukt

Hordaland er det største fruktfylket i landet, målt i areal og avling. Regionen har lange tradisjonar for fruktdyrking. Klimaet og naturgrunnlaget i Hardanger er godt eigna til fruktdyrking. Epleproduksjon er

viktigast, etterfølgt av morellar, plommer og pærer. Sjølv om dyrka fruktareal har gått ned har effektivten auka slik at dei totale avlingane er stabile. Hordaland er en sterk region på frukt og bær, med eit godt fagmiljø og moderne fruktlager. Det bør satsast på å ytterligare styrka kompetanse i fylke knytt til frukt og bær produksjon. Det er gjort omfattande investeringar i næringa i form av utskifting av trær og oppgradering av drifta. I dag er etterspørselen etter norske eple i marknaden større enn tilbodet. Meir merksemd på lokal/tradisjonsrik mat gjer og at etterspørsla etter til dømes lokalprodusert juice og sider er aukande. Det er rom for å dyrka meir pære gjennom å lansere nye sorter og skifta ut trea og det er behov for å styrke epleproduksjonen med større vekt på saft og sider. Dette gjev seg utslag i auka optimisme og rekruttering til næringa. Den norske fruktproduksjonen dekkjer ikkje den norske frisk konsummarknaden, her er det naudsynt å utvide produksjon for å auke andelen av marknaden både innanfor konvensjonell- og økologisk produksjon. Endringar i klima opnar og for nye produksjonar.

Sauenæring

Over 70% av jordbruksbedriftene i Hordaland har sauehald. Ikkje i nokon andre fylker er det ein så stor del av jordbruksbedriftene som har sauer. Ein har teke i bruk ny teknologi for å gjere sauehaldet meir rasjonelt. Dette har gjort sauehald meir tilpassa ei verkelegheit med deltidsbønder. Samstundes er sauenæringa den næringa som best nyttar dei lokale beiteressursane, og i tillegg er ein viktig landskapspleiar. Hordaland har store beiteressursar og den føremonen at tap av dyr til rovdyr på beite er små. Organisert beitebruk er ein føresetnad for å lukkast med å utvikle sauenæringa. Eit godt utbygd mobilnettverk i fjellet er ein viktig faktor for å lukkast med beiting i fjellet. Etter mange år med motgang er den norske ulla på vei inn igjen i den norske marknaden. Det bør derfor leggest til rette for auka bruk av norsk ull.

Grovfôr

Andelen av storfe og mjølkekyr er markant lågare i Hordaland enn i andre fylker. God lønsemd i mjølke- og storfekjøttproduksjonen vert oftast oppnådd når driftseiningane produserer mykje grovfôr av god kvalitet. Auke i produksjon av mjølk og kjøtt heng tett saman med kostandseffektiv grovfôrproduksjon med god kvalitet og høg arealproduktivitet. Føresetnadene for jordbruksdrift varierer både mellom og innanfor regionar i Noreg. For landbruket i Hordaland sin del er det viktig å behalde produksjonsfordelinga mellom landsdelane, omtala som kanaliseringspolitikken. For å bidra til lønnsam produksjon og inntektsutjamning og aktivt landbruk i alle deler av landet er fleire av dei økonomisk viktige tilskotsordningane differensiert geografisk, etter bruksstørrelse, eller begge deler. Differensieringa er gjort med grunnlag i eigenskapar ved jordbruket sjølv og i næringsmiddelindustrien. Soneinndelinga i dei geografisk differensierte ordningane er difor annleis enn dei som ofte leggest til grunn i distrikts- og regionalpolitikken generelt. Landet er delt inn i sju sonar. Der sone ein, er dei beste kornområda i landet, mens sone sju er dei mest marginale områda i Nord-Noreg. For å betre kunne stimulere til bruk av lokale ressursar innan landbruket på Vestlandet burde det ha vore ein eigen tilskotssone som strekkjer seg frå Romsdalsfjorden i nord til Boknafjorden i sør. Dette området er prega av små og mellomstore bruk som treng eit løft. utfordringane og mulegheitene varierer sterkt frå stad til stad og frå produksjon til produksjon. Ulik størrelse på driftseiningane, ulike grader av driftsvanskar, små og oppdelte areal, varierende brattleik, temperatur og lengde på vekstsesongen og avstand til mottaksanlegg bidrar til variasjon i inntektsmulegheitene.

Mjølke

Mjølke er det viktigaste husdyrproduktet i Hordaland. Yting per ku har steget jamt dei siste femti åra. Hordaland har gjennom ei årrekke hatt den beste kvaliteten på mjølka i landet. I dag er Voss den største mjølkekommunen i Hordaland fylgt av Kvinnherad, Etne og Kvam. Mjølkekvoten for Hordaland i 2014 var 86,4 millionar liter ca. 73,5 millionar liter blei levert i 2014. Hordaland har potensiale til å betre oppfylle mjølkekvota. Hordaland har små brukseiningar samanlikna med andre fylke og kan ikkje ta ut stordriftsfordelar. Det må leggest til rette for at ein kan overleve som mjølkeprodusent også i mindre målestokk. Det er satt i gang prosjekt for å auke mjølkeproduksjon på Voss. Hordaland fylkeskommune har bidrege til å sikre ein auke i mjølkeproduksjonen i Hordaland gjennom å auke toppfinansieringa til dei som vil satse på større fjøs med robot. Robotsatsing aukar effektiviteten i mjølkeproduksjonen i Hordaland. Hordaland fylkeskommune vil utfordre Landbruks- og matdepartementet til å støtte denne satsinga. Dette inneber eit stort potensial for Hordaland til å auke produksjonen av mjølk betrakteleg. Auka produksjon vil også syte for at meir av foredlinga vil skje i Hordaland.

Utnytte potensialet innan bygdenæring

Det er ein veksande marknad for produkt med unike kvalitetar. Det bør leggjast til rette for at å utnytte desse moglegheitene innanfor matproduksjon og reiseliv. Kunnskap, kvalitet og samarbeid er viktig for å lukkast med utvikling innan bygdenæringane. 'Inn på tunet' er tilrettelagte og kvalitetssikra velferdstenester på gardsbruk. Aktiviteten innanfor 'Inn på tunet' skal gi mestring, utvikling og trivsel. Tenestene er knytt til garden, livet og arbeidet der. Det er per i dag 33 godkjende 'Inn på tunet' tilbydarar i Hordaland.

Nyinvestering i landbruket i Hordaland

Store delar av driftsapparatet innan det norske landbruket har behov for fornying. Etterspurnaden etter tilskot og lån frå Innovasjon Noreg til landbruket har vore stor dei siste åra. Offentlege med finansiering kan vere utslagsgivande når alternativa er investering eller nedlegging. Tiltak som reduserer kapitalkostnadane er heilt avgjerande for landbruksnæringa si framtid. Utvikling og nyinvestering er naudsynt når ein ny generasjon bønder tek over. Grunna endra klima trengst det investeringar i større gjødsellager på mange gardar. Våtare klima gjer at ein ikkje kan spreie husdyrgjødsel når det høver best og ein treng derfor større lagringskapasitet. Det trengst og nye investeringar i fruktsektoren til infrastruktur og nye tre.

Landbruket –leverandør av mat og fellesgodar

Kulturlandskapet syner oss kva slags landbrukspolitik som har vore ført i Noreg. Hordaland har framleis eit kulturlandskap med internasjonalt unike kvalitetar, men utviklinga mot færre og større bruk gjer at mykje tungdrive areal går ut av bruk. Vi veit også kor viktig eit levande landskap og eit småskala landbruk er for anna næringsutvikling. Landbruket sjølv kan levere fleire og betre tenester og produkt saman med reiselivsnæringa, men ansvaret for kulissane kan ikkje leggjast på stadig færre aktive bønder. Det betyr at bonden må få betre betalt for å sleppe sauane sine på utmarksbeite for å pleie kulturlandskapet. Kulturlandskap må bli eit produkt frå landbruket på line med mjølk og kjøt.

Vestlandsskogen er no hogstmogen

Som følgje av den omfattande skogplantinga på 50-talet og utover står det no store volum skog hausteklart i Hordaland. Fylket har mange skogeigedomar (landbrukseigedom med minst 25 dekar produktivt skogareal) i landsmålestokk, Hordaland er på fjerde plass etter dei store skogfylka. Omtrent 60% av skogeigedomane i fylket driv med både jord og skog. Sjølv om skogeigedomane i fylket er blant dei minste i landet, vekst det produktive skogarealet i Hordaland meir enn i dei fleste andre fylka. Skogavverkinga har òg hatt ein monaleg vekst dei 10 siste åra. Det bør leggjast til rette for auka berekraftig avverking og uttak av biomasse frå skog. Dette krev ein god infrastruktur, både med omsyn til eit tenleg vegnett og til utskipingsplassar for tømmer.

Klima i landbruket

Klima endrar seg og blir varmare og våtare. Landbruket må tilpasse seg desse endringane. Varmare klima kan opne for nye produksjonar i Norge. Våtare klima gjer at det er behov for meir midlar til grøfting og jordbearbeiding. Det er og viktig å sikre eit miljøvennlig jordbruk. Då trengst det kunnskap om korleis landbruket i Hordaland bidreg til klimautslepp. Skogen spelar ei viktig rolle i møte med klimaendringar. Gjennom fotosyntensen binder skogen CO₂. Strategisk planting av skog kan og bidra til å binde jord og hindre ras.

Vurdering

Hordaland har på fleire område, blant anna innan kjøtproduksjon den største tilbakegangen samanlikna med resten av landet. Innføring av ny teknologi så som mjølkerobotar har bremsa nedgangen i mjølkeproduksjonen, men spesialiseringa gjer at storfekjøtproduksjonen vert redusert. Hordaland har mange små gardar og har ikkje dei naturgjevne føresetnadane til å rasjonalisere til færre og større einingar. Hordaland har store unytta beiteressursar som burde utnyttast betre. Fylkesrådmannen meiner det er naudsynt at landbrukspolitikken i Noreg blir meir differensiert slik at fylke som til dømes Hordaland får meir utteljing for sine naturgjevne ressursar som beiteressursane utmarka er eit døme på. Dette vil gagne matproduksjonen både i eit lokalt, men også globalt perspektiv. I tillegg vil det få ein positiv effekt i høve til å oppretthalde jordbrukets kulturlandskap som grunnlag for ei attraktiv reiselivsnæring. Det er også naudsynt å støtte oppunder dei unge som vil satse på ei framtid i landbruket i Hordaland gjennom å tilby støtte til investeringar, og å tilby god og rett kompetanse. Frukt frå Hardanger er ei etterspurd merkevare, som er

med å løfte fram all norskprodusert frukt. Norsk frukt er kjend for god kvalitet og god smak. Det er i dag større etterspørsel enn tilbod på norsk frukt, derfor må det satsast enda meir på fruktdyrking i Hordaland. god og rett kompetanse.